



Vel møtt til fellesgudsteneste i Uskedalen fyrstkomande søndag.

**Fyrstkomande søndag kl. 11 vert det fellesgudsteneste for heile kommunen i Uskedalen. Prest er Reidar Ådnanes. Organist er kantor Eva Megyesi. Kyrkjekoret Nordsaang vert med. Ebba Hermann- Fossli og Signe Karin Koløy vil delta med sine messinginstrument. Fellesgudsteneste for alle 12 kyrkjene har vore prøvd før med godt frammøte og gode tilbakemeldingar.**

I oppsummeringa etter bispevisitasen sist haust vart det framheva at med 12 kyrkjer i Kvinnherad burde vi bli flinkare til å gå på gudsteneste i andre kyrkjer enn vår eiga. Det handlar om å oppleva større fellesskap og møta folk frå andre bygder. I fjor vart dette mellom anna gjort i Varaldsøy kyrkje.

Etter gudstenesta vert det piknik/ kyrjekaffi i det nye båtlagshuset i båthamna. Båtlaget opnar Strandstovo her alle vert oppmoda om ta med niste og kaffi. Det er lagt inn kort informasjon om Uskedal kyrkje frå 1914 og litt om arbeidet i kyrkjelyden fram til i dag.

Uskedal sokneråd ynskjer alle vel møtt til gudsteneste søndag 2. juni kl. 11 og til piknik i båtlagshuset etterpå.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Einar Gjertsen/ Kristian Bringedal



Kyrjekoret Nordsaang med sin musikalske leiar Eva Megyesi vert med på Fellesgudstenesta i Uskedal kyrkje.